



Moteriktig antrekk prega personalet i dag

Trass i det vonde veret var det bra oppmøte frå opninga i Martabu i dag. Fleire nytta høvet til å kjøpa julepresangar og til og med frå Seimsfoss og Rosendal kom det kundar. Dette var den fjerde laurdagen av sju den historiske butikken held ope og i dag var den verkeleg historisk. Det vart seld for 7 900 kroner i dag, omtrent det same som tidlegare laurdagar.



Spekemat og julebrød var på plass

Vikarierende krambusjef Kjersti Børve og krambutaus Kari Isdal hadde iført seg moteriktig antrekk som fekk nostalgien til å flakke attende til femtitalet. Det mangla berre ein replikk som 'Det er som å sjå att ho Marto', men Arne Myklebust mintes i alle fall butikken slik han var på femtitalet. Han og fru Aud som bur store delar av året i Uskedalen sikra seg kaker til kaffen og priste tiltaket, som alle andre.

Vareutvalet er imponerende og vart supplert også til denne opningsdagen, mellom anna med julebrød frå Skorpobakarmeisteren og spekemat frå dalen. Mange strikka varer ventar framleis på ein kjøpar, mellom anna fleire vinhøner frå Eik som truleg blir lettare å selja hvis dei blir avkledd julestasen.

Også englane som er frå Mørekanten ligg stort sett i fred framleis sjølv om dei er spesielle og laga i Tiffany-teknikk.

Det var ellers spørsmål etter dei særprega ostehøvlane med utforming som sau og ku, men produsenten kan ikkje lova fleire før neste laurdag.

Derimot var det stor tilfredsheit med serveringa av melkekaker og Mor Monsen, baka av vertskapet!

Martabu har fått ein rolle som sosial møteplass i bygda

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Arne og Aud Myklebust sikra seg noko til kaffen